



# Skyldskifte

Lørdag den 3. juli 1976 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Moldekleiv gr.nr. 27 br. nr. 3 med skyld mark 1,88 Meland herad. Bernhard Sunnhordvik har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til egedomen.<sup>1)</sup> Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som<sup>2)</sup>

Ved tenesta møtte Dei av lensmannen oppnemnde skyldskiftemenn. Som seljar møtte Bernhard Sunnhordvik og som kjøpar møtte Sigmund Sunnhordvik.

Av grannane<sup>3)</sup> for Cystein Sunnhordvik møtte Steinar Sunnhordvik. Til formann vart vald Magne Askeland.

Opplysningar om den/dei part/partar av egedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidde 1,2 dekar — i alt 1,2 dekar.

2. Grensene<sup>4)</sup> til den/dei fråskilde part/partar: Grensa tek til i parsellen sitt nordre hjørna i kross i berg, går i søraustleg leid 42,20 m. til kross i berg, vidare i sørleg leid 6,20 m. til merkestein, går vidare i sørvestleg leid 25,20 m. langs grensa til bnr. 4 til merkestein. Herfrå går grensa i nordvestleg leid 43,30 m. til kross i berg, vinklar og går 30,50 m. i nordaustleg leid attende til staden ein gjekk ut i frå.

Parsellen ligg meir enn 100 m frå strandlina.

- 1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
- 2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den ..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
- 3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedommen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

4) Knappen  
i sk. 12 del